



SUNNHORDLAND MUSEUM  
Postboks 51  
5401 STORD

Dato: 08.03.2017  
Vår ref.: 2016/3917-273  
Saksbehandlar: elibjor  
Dykkar ref.:

## **Museumssamarbeid med kommunane. Museumskonsulent Sunnhordland museum.**

Frå og med budsjettåret 2017 er budsjettposten *Museumssamarbeid med kommunane* inkludert i budsjettposten *Bygningsverntenesta ved musea*. Midlane frå denne posten i fylkeskommunen sitt budsjett er spesifisert i det årlege tildelingsbrevet til musea om driftsstøtte. I tildelingsbrev om driftsstøtte til Sunnhordland museum for 2017, sak 2016/3917-145, er det fylkeskommunale bidraget på kr. 300 000 til stilling som museumskonsulent ved Sunnhordland museum, budsjettpost *Bygningsverntenesta ved musea*, ikkje kome med. Museumskonsulent ved Sunnhordland museum er del av satsinga museumssamarbeid med kommunane ved dei regionale ansvarsmusea.

Tilskotet til stilling som museumskonsulent vert utbetalt dykkar konto med kr. 300 000 frå post 400.660.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### **Grunngjeving**

Museumssamarbeid med kommunane/bygningsverntenesta ved musea er ei prioritert satsing frå Hordaland fylkeskommune, jf. tiltak 14 i Regional plan for museum 2011-2015 og Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025. Stilling som museumskonsulent ved Sunnhordland museum er del av denne satsinga.

### **Vilkår for tildelinga**

Ein viser til føresetnadene i brev om driftsstøtte.

### **Rapportering**

Ein viser til innhaldet i brev om driftsstøtte.

### **Klage**

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

